

- Vera pådrivar for å få fleire gåande

Andre

Trafikkfagleg samarbeidsutval(TSU), som er eit prosjekt i regi av Trygg Trafikk, Politi, Ambulanse og Brannvesenet, kom i stand for 5 år sidan. Dei driv med førebyggjande arbeid for trafikksikring i Hordaland. Prosjektet kom i stand fordi ein såg at ungdom var ekstra utstatt for å verte involverte i ulykker.

Kvart år i forkant av russefeiringa har utvalet eit arrangement om trafikksikring, retta mot avgangselevane på dei vidaregåande skulane.

Arrangementet er delt i to, den første delen er av fysisk karakter der ein får demonstrert kva krefter som er i sving i ei ulykke. Den andre delen er ein meir ”stille” seanse. Her får ein kjenne på følelsane som ei ulykke medfører, enten i form av at pårørande fortel om ei hending, eller at andre som sjølv har vore involvert i ei ulykke fortel.

Ein får blant anna høyre litt om korleis redningspersonell opplever ei ulykke, og korleis ein prest opplever det å måtte gå med den tunge budskapet til pårørande.

Prosjektet har også eit arrangement retta mot lærlingane på Mongstad, og dei driv temakvelder for eigne fagfolk i distriktet.

Hensikta med prosjektet er å gje ungdommen eit innblikk i kva dette handlar om, og konsekvensar, og ikkje minst at det er greitt å seie ifrå. Prosjektet er støtta av enkelte kommunar og også frå fylket.

Trygg Trafikk har ein visjon om trygg trafikk for alle.

Trygg Trafikk:

- har som mål å vera ein leiande aktør i det førebyggjande trafikksikringsarbeidet
- skal bidra til at alle born og ungdom får ein kontinuerleg og god trafikkopplæring
- skal påverka trafikantane til sikker åtferd og setja trafikksikring på dagsorden
- skal vera kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge
- skal vera pådrivar og kunnskapsformidlar
- skal vera bindeledd mellom det offentlege og frivillige trafikksikringsarbeidet

Nyttige adresser:

www.tryggtrafikk.no

www.barnastrafikkklubb.no

www.trafikkogskole.no